

Innspel på høyringssak v/fylkesutvalet :
2024

Vågå 13.mai

Ny skule- og tilbodsstruktur i Innlandet

Det er ikkje ofte eg engasjerer meg i det politiske som skjer, men på denne saka ynskjer eg å koma med innspel på.

Da forslaga vart lagt fram, og Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule- avd Lom var blant dei skulane som var foreslått nedlagt kjende eg det støkk i meg, og det gjekk ikkje lenge før eg fekk ei fortvila dotter på telefon, som går 1ST i Lom..

Det er viktig for meg å presisere at eg ikkje sett skular opp mot kvarandre i dette innspelet. Men heller å oppretthalde og styrke dei tilboda vi har.

Ungdommen faktisk må få lov til å ha eit val når dei vel seg vidaregåande skule.

Fritt skuleval og valfriheit

Nokre sökjer seg på mindre skular , andre på skular med større miljø, og sjølv sagt ut ifrå kva slags linje dei vil gå.

Når dei endeleg , etter å ha kjempa seg gjennom ungdomsskule og skal få ta eit val sjølv, så blir det ikkje slik likevel , om vdg skuler som Lom nedlagt. Det kan ende opp med at dei vel seg linjer dei ikkje ynskjer , meistrar eller trivs med.

Skoleprestasjonar og eit godt miljø går hand i hand!

Trivs eleven, lærar og meistrar dei betre !

Om dei får gå på den skulen dei ynskjer og trivs på, meiner eg det er større sjans for at dei greier å gjennomføre eit skuleløp, og kjem styrka ut, klare for vidare utdanning og arbeidsliv. Det er vel det oss alle vil for våre ungdommar, samt få oppleva fine år på vidaregåande skule!

Val av vidaregåande utdanning - Her er det individuelle forskjellar og utgangspunkt.

Mange likar mindre miljø og det må oss akseptere!

Det er ikkje rett å putte alle inn i same «firkanten»

Oss har alle ansvar for å ta vare på ungdommen, dei er framtida, og skal ein dag ta over etter oss. Ei sikker og trygg framtid kan ikkje målas i penger!

Ungdommen i Ottadalen har rett til å behalde det eksisterande skuletilbodet Lom har !

Eg har som sagt sjølv elev på Lom vdg skule nå 1ST. Og ho var aldri ikkje i tvil om valet. Sjølv seier ho at ho aldri har funnet seg så godt til rette på skulen som nå. Og gler seg til kvar dag på skulen.

«Her kan eg væra meg sjølv» seier ho! Og skulekvardag er bra . Valet på Lom hadde ho allereie frå 9.steg!

Og det gjer utslag på resultat og arbeidsinnsats! Ho overraskar stadig med gode prestasjonar, og det motiverer til vidare å gjera god innsats på skulebenken. Mange nye vene og nytt nettverk har ho også fått.

Mine to andre ungdommar har nå søkt seg til Lom frå hausten, dei er redde og usikre på framtida. Lom er skulen dei ynskjer å gå på ! Dei gler seg til å starte på vidaregåande, men samstundes ei frykt for at dei mistar den.

Dotter mi går nå i uvissa om ho kan få fullføre studieløpet sitt i Lom, og det gjer vondt for eit mammahjarte..

Studiespesialisering – avd Lom

Det er eit trygt ,godt og inkluderande miljø, det aller klassene og elevar blir godt kjende, og lærarar greier å sjå kvar enkelt og lyfte dei fram. Dei viser tillit til elevane sine og heimen. Det skapar tillit tilbake. Resultat syner seg i lågt fråvær, godt karaktersnitt og høg gjennomføringsgrad!

Det er ro og tryggleik i skulekvardagen, noko som gjer at elevar kan fokusere på arbeidet sitt og dei opplever lite ekstern støy som til dømes mobbing, utestenging. Det er eit sikkerheitsnett rundt elevane på alle nivå, slik ingen fell utanfor.

Mange elever treng ro i skulekvardagen for å kunne meistre skuleoppgåver og kunne fokusere godt på fag og læring. Her er Lom unik, og kan tilby elevane akkurat det.

I Lom omgår alle elevane på tvers av steg og linje, alle kjenner alle. Når det kjem til russetid og alt den fører med seg har dei stor fokus på at alle skal vera inkludert og det oppstår ikkje utanforskap, gruppepress og utestenging som dessverre oppstår blant mange russekull. I Lom er alle med å feirar russetida på den måten dei sjølv ynskjer.

Russerevy: Ikkje mange andre vidaregåande skular i Innlandet har eiga russerevy. Da frå dei kjenne på samhald, samarbeid, dugnadsarbeid og skape noko saman. Gode verdiar å ha med seg i livet!

Alt det Lom står for må oss verdsetta!

Når det gjeld studiespesialisering, kan ikkje f.eks. Otta tilby dei same faga i 2.-3.kl noko som gjer at elevane ikkje kan få dei studie-og realfaga dei ynskjer, og i verste fall ikkje få fullført løpet sitt.

Byggfag - avd Lom

Byggfag i Lom har eit særskilt godt rykte, og har eksempel på at elever har funne att glede med å gå skulen etter dei har starta der! Dei får tillit og meistringsfølelse.

Dette kan ikkje målast på pengar på ein budsjettpost

Elevane er ettertrakta av lokale bedrifter som lærlingar og dyktig arbeidskraft! Dei kjem frå bygder som lang tradisjon innafor handverk og praktisk arbeid, og tek med mykje av interessa og erfaringa si med inn på skulebenken, fordi dei har delteke mykje der dei er oppvakse. Mange bedrifter i Ottadalalen innafor handverk, industri, bygg og anlegg har stort utbytte av elevar frå byggfag. Dei får koma på utplassering, sommarjobb, og ta læretida si hjå dei. Og mange kjem i fast jobb etterkvart. Detter er

på å drifta vidare alle desse bedrifter så dei kan tilby sine tenester for å dekke etterspørselen på oppdrag.

Bl.a. er Skanska tett på byggfag Lom kvart år, med å få tak i lærlingar og sette dei faste arbeidsforhold etterkvart. Ettertrakta arbeidskraft!

Fokusområdet frå fagpersonell

Allereie frå dei startar i grunnskulen er miljø, trivsel og inkludering faktorar skulen har fokus på. Tidleg innsats som det heiter.

Trivs dei ikkje på skulen og i klassa si er det vanskeleg å være elev , og mange får feil fokus og ikkje greier å henge med. Noko som går utover sjølvkjensle og meistring. Det er mykje større press på ungdom i dag enn det var for nokre år sidan. Med dette aukar også fråværet.

Prestasjonar, utsjånad, motepress, mobbing, sosiale utfordringar og konfliktar og eksponering på sosiale media kjem i tillegg til det dei skal prestere på skulebenken. Som mor til tre tenåringar er eg dessverre godt kjent med dette.

Faktorar nemnd over kan skape skulevegring, og dei dritt ut av grunnskulen allereie i ung alder.

Skulevegring er ei utfordring i dagens samfunn.

Dette er Utdanningsforbundet og forskarar bekymra for.

Utdanningsdirektoratet

Utdanningsdirektoratet kom med ein rapport om bekymringsfullt fråvær og skulevegring hausten 2023:

“Fravær som vekker bekymring” rapport 2023:14

Rapporten fortel at annakvar elev i 10.steg har skulevegring, noko som ikkje er eit godt utg. pkt for ein elev som skal starte på vdg dersom dei blir sett på hybel, må ha lang bussreise ,eller må velja utdanningsveg dei ikkje ynskjer p.g.a. mangel på tilbod.

Der dei også legg fokus på samarbeid med elev/ heim og skule for å oppnå best mogleg læringsmiljø og trivsel , for at eleven skal kunne gjennomføre skulegangen. Dette er etter mitt skjønn best gjennomfør bart på skuler med mindre elevtal i.f.t større skuler, fordi det tverrfaglege samarbeidet ligg betre til rette i mindre grupper, da alle som jobbar rundt elevane kjenner dei.

Det vises også at fråværet er større på skuler med over 300 elever, og at dei skulane som har 100 +/- har mindre fråvær. Med følgande kommentarar:

“Uavhengig av hva som er årsaken til dette ser vi i svarene gitt i fritekstfelt at det også er en oppfatning blant skoleledere at fraværsproblematikk henger sammen med skolestørrelse. Følgende skoleleder ved en barneskole hevder for eksempel i et kommentarfelt at han er kjent med dette: “Jeg har tatt utgangspunkt i vår skole og det vi på vår skole opplever. Er kjent med at det er større utfordringer på større skoler i forhold til fraværsproblematikken.”

"Det kan også virke som at foreldre og føresette deler denne oppfatninga, og at de bevisst velger å flytte barna over på mindre skoler ved bekymringsfullt fravær"

§ 9-a i opplæringslova fortel at alle elever i grunnskule og vidaregåande har rett til godt fysisk og psykososialt miljø, som fremmer helse, trivsel og læring.

Skal oss greie å få styrka dei godt nok for ei utdanning og eit arbeidsliv, fortener våre ungdommar å få ta egne val for vdg.skule! Da er sjansen mykje høgare for at dei greier å gjennomføre sine mål. Dei har krav å eit trygg og god vidaregåande utdanning om dei bur i Skjåk eller på Eidsskog.

Og ikkje minst tenkje på dei ungdommane som står framfor same valet neste år og i åra som kjem!

Blir Lom lagt ned frå 2025, får ikkje dei som går der nå og fullført siste året sitt. Og dei som startar frå hausten må byte skule etter eit år.. er det greitt å kaste rundt ungdommen p.g.a. budsjettkutt? Dei har nok med å finne sin eiga identitet og meistre skulekvardagen! Dette er viktige år i livet deira!

Alle elevar har rett på ein trygg og god skulekvardag uansett kvar dei bur i Innlandet !

Store ringvirkninger

Lom og Skjåk. Det er kommunene som vil bli råka verst mht at ungdommen i verste fall blir sendt ut av bygdene!

Ungdommen er framtida for å drifte vidare turisme, idrett, kultur, gardsbruk, bedrifter, butikkar, helsetenester o.s.v. Dette vil få konsekvensar for alle tre Ottadalskommunane.

Lom, Skjåk og Vågå er eit av eit mest attraktiv områda i landet når det fjellturar og opplevelingar ,samt gardsturisme, mjølke og kjøttproduksjon, mat og kulturtradisjonar.

Ungdom i Ottadalen frå 14-15 år og oppover jobbar på butikkar, bensinstasjonar, aldersheimar, turisthytter, kafear i tillegg til skule. Mange er også aktive som trenere og innafor fotball, handball, musikk, dans ,turn og ski.

Av dei som flytter ut på hybel p.g.a. skulen , er det mindretallet som kjem attende og slår rot på heimstaden sin. Kven skal da føre vidare arbeidsplassar, bedrifter, butikkar, kultur, idrett og turistbransjar?

Ringvirkninger vert for store for distriktet vårt...og for ungdommen, dette er dei mest sårbare åra i livet til ein ungdom, og dei fortener å føle at dei hører til og meistrar!

Kva er ei bygd utan ungdommen sin? Oss treng energien, arbeidsressursen og glede som ungdommen tilfører samfunnet vårt! Det er dei som skal ta over etter oss og føre tradisjonar vidare!

Og kva med dei elevane som har særskilde behov og har krav på vidaregåande utdanning? Taklar dei lange reiser? Med da evt eiga personale som også skal ha dekt

Iønn ? Hybel er uaktuelt for dessa . Resultat kan bli at dei bli værande i ro i heimen sin, utan noko form for sosialt og stimulerande nettverk.

Oss høyrer stadig at i framtida vert det berre fleire eldre, kven skal ta vare på dei og yte dei nødvendig hjelp og tenester om det ikkje vert buande att ungdom og yngre arbeidskraft. Nyutdanna helsepersonell ikkje busett seg i distrikta p.g.a. manglande tilbod på skule.

Det er ungdommen som er framtida!

Oss må satse på dei, ikkje kutte ned tilboda, men styrke dei !!

Hyblar/ internat

Hyblar til så mange er ikkje lett å finne, og står internat klare til 2025? Bygge nye har også ein prislapp.

Det er svært få som er klare for å flytte på hybel i ein alder på 15-16 år. Det er stor overgang å byrje på vidaregåande skule, dei treng støtte og bistand frå vaksne. Dei skal tilpasse seg nytt miljø, og kvardag. Mange treng den tryggheita og støtta heimen gjev når dei startar på vidaregåande skule. Det er ein stor overgang frå grunnskulen. Å få koma heim kvar dag til varm middag og få hjelpe til lekser og oppgåver kan vera avgjerande for vidare motivasjon og prestasjonar. Eg har snakka med fleire elever på vdg og uttrykkjer takksamheit for at dei kan reise heim kvar etter skulen.

Å tru at ein 15 åring skal greie å sørge for skikkeleg kosthald, nok søvn, og ha disiplin til skulearbeid på eigenhand, er for mykje å forvente. For ikkje å snakke om aukande sjans for ut bredt festliv, alkoholbruk og andre rusmiddel, som ein del av det å kunne føle tilhøyrigkeit i eit nytt miljø. Faktorar som desse kan være med å skape uro i skuledagen, læremiljøet og vil til slutt gå utover meistringsfølesen og prestasjonar.

På den andre sida, kan mange bli einsame fordi dei føler dei ikkje passar inn, noko som også går utover skulegangen.

Gratisprinsippet!

Sjølv om det skal være gratis å gå på skulen ,og det kjem støtte i form av stipend, kan det likevel skape store skilnader nå det kjem til økonomi likevel i.f.t. hybelsituasjon. Ikke alle familiar har råda til å dekkje det ekstra som trengs til f.eks. klær, utstyr og mat som krev for å halde eleven sin i drift gjennom eit skuleår.

Plass til ca. 100 nye elevar på andre skular? Lærarbehovet er framleis der og skal lønnast, rift om lærarstillingar p.g.a. ansiennitet?

Vinninga går opp i spinninga?

Belastinga og kostand kring elevar som droppar ut av skulen p.g.a. lange reiser , eller ikkje finn seg til rette på hybel og skule er nok langt større enn kostanden ved å behalde skulen der den er. Tal frå Nav syner eit tosifra million beløp pr elev som ikkje greier å fullføre utdanninga si.

Om skuletilbod blir borte

Sjølv om elevtalet i åra framover er nedgåande, rekrutterer det ikkje akkurat dersom ingen ikkje vil budsjetta seg i distriktet og få opp att folketalet. Tilbod som skule og barnehage er viktige faktorar når du skal busetta deg. Det er fleire eksemplar på at familiar frå større byer kjem til bygdene, fordi dei vil vekk frå stress og mas. Kor attraktivt er dette om eit skuletilbod blir fjerna?

Nærskuleprinsippet!

Det er eit prinsipp som er brukt i søkerprosessen før vidaregåande skule.

Skular i nærleiken skal da være tilgjengeleg .

Kan oss kalla det nærskule for dei som bur i Lom og Skjåk når elever må køyre opptil 1,5 t i buss eller meire, ein veg, for å kome seg på skulen? 3 timer i buss kvar dag. Det blir ca. 10 timars dag fem dagar i veka . Da blir det blir ikkje att mykje tid til fritidaktiviteter og tid ilag med vener.

Dette er ikkje forsvarleg, og heller ikkje noko oss kan forvente at alle taklar. Det er diverre fleire eksemplar på at elever som har droppa ut av skulen fordi belastninga med lang skuleveg blir for stor.

Hadde ein ordinær arbeidstakar takla 10 timer på jobb kvar dag?

Ei konsekvensvurdering av å nytte hyblar og lange bussreiser for å ha tilbod om vgs til alle bør gjennomførast, samt konsekvensen for bygdene og samfunnet rundt dersom ungdommen blir borte frå bygdene for å gå på skule.

Her er det ikkje berre familiar som blir råka, men lokalsamfunn og distriktet rundt.

Fakta NGVS - avd LOM

Tal på gjennomføringsgrad :98-99% og oppfyllingsgrad :83%

Billig i drift med liten administrasjon, og lite vikartimer!

Stabil lærarstab, lite turnover som gjer det forutsigbart og trygt for elever

Fråvær ligg langt under snittet for innlandet, karaktersnittet ligg over tala for Innlandet og høg gjennomføringsgraden ! Lom er blant dei beste i Innlandet!

Oppfyllingsgraden er innafor krava ! Gode og stabile sokartal dei siste åra både på ST og Byggfag.

Så etter det utvalet i fylkeskommunen etterspør på kvalitet på skular, så er Lom blant dei skulane som oppfyller det kravet. Også på det sosiale og trivsel scorar Lom høgt!

Dei har eit svært attraktivt tilbod om friluftsliv som er svært populært blant elevane frå 2ST.

Når det gjeld studiespesialisering, kan ikkje f.eks. Otta tilby dei same realfaga i 2.-3.kl, som fører til at elevane ikkje kan få dei studie-og realfaga dei ynskjer, og i verste fall ikkje få fullført løpet sitt om skulen blir nedlagt frå 2025.

Dette gjeld dei som går der no ,og for dei som skal byrje .

Sluttord

«Never Change a Winning team»

-sagt av mor kommande elev og tidlegare elev

Det kan på ingen måte forsvarast å legge ned ein så solid og god skule som innfrir alle krav, og som sender ungdommar særskilt godt styrka vidare til høgare utdanning og arbeidslivet.

Styrk heller Lom , med til dømes linjer for mat / restaurantfag / reiseliv/friluftsliv.

Lom ligg midt sentrum for sterke mat-tradisjonar, yrande reiseliv og turisme og har Norsk fjellsenter som gjer seg merkbar på lands- og verdsbasis.

Lom vgs skule betyr og har betydd mykje for særskilt mange ungdom og vaksne!

Difor tok eg initiativet til ei underskriftskampanje for å synleggjera ønske om å bevare skulen : Det vart 3033 underskrifter totalt!

Vedlagt er alle underskrifter (12.4-22.4.2024)

BEVAR NORD-GUDBRANDSDAL VIDAREGÅANDE SKULE avd Lom ❤️ Takk

Beste helsing Heidi Strømstad

- mor til nåverande elev Lom 1ST og til to kommande på ST frå hausten 2024

